

**SPØRSMÅL TIL FYLKESORDFØRAR OM BYRÅDET I BERGEN SITT FRAMLEGG  
OM Å FLYTTE BOMSTASJONAR I ÅSANE TIL NORDHORDLANDSBRUA**

Torsdag 9. mai presenterte byrådet i Bergen sitt framlegg om å flytte bomstasjonen i Tellevik til Nordhordlandsbrua og å fjerne to bomstasjonar på Nyborg.

Bakgrunnen for framlegget er openbart dei sterke reaksjonane desse bomstasjonane har ført til blant innbyggjarar i Åsane.

Byrådet sitt framlegg inneber i praksis å skrive ut ein «strileskatt» ved å sende heile bompengerekninga til trafikantar frå Nordhordland.

Denne saka fekk brei omtale i media, mellom anna i Bergens Tidene og Bergensavisen.

I BT 10 mai kjem det fram at «Byrådet har fått med seg fylkeskommunen på laget».

BA skreiv same dag at «Nå har altså byrådet hatt denne gjennomgangen, og blitt enig med seg selv og fylket. BA vet at det har vært mange møter «på bakrommet» den siste tiden».

Medieomtalen er altså tydeleg på at fylkeskommunen har akseptert byrådet sitt framlegg.

**Desse opplysningsane dannar grunnlag for fleire spørsmål:**

1. Kven har på vegner av fylkeskommunen forhandla/drøfta saka med byrådet i Bergen?
2. Kva mandat har desse eventuelt hatt?
3. Har fylkeskommunen på noko tidspunkt informert aktuelle nabokommunar om byrådet/fylkeskommunen sitt framlegg?
4. Er det ført referat/notat frå møta mellom byrådet i Bergen og Hordaland fylkeskommune?
5. Er fylkesordføraren einig i at dersom byrådet sitt framlegg blir vedtatt i Bergen bystyre og Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar der bompengeinnkrevinga i Bergensområdet sjåast under eitt, altså samordnast?

Frekhaug 27.05.19

Nils Marton Aadland (H)